



Den norske kyrkje

ULSTEIN SOKN

Kyrjekontoret

6065 ULSTEINVIK

Ulstein sokneråd - Ulstein kyrkjelege fellesråd

Arkivsak 10/00023

Arkivsak-navn:

F-sak 057/10 Framlegg om endring av gravferdslov og kyrkjelov - høyringsuttale

Saksbehandler:

osaky

Dokumentnavn:

Høyring av framlegg til ny gravferdslov og kyrkjelov

Dokumentnummer:

10/00023-003

Løpenummer:

000269/10

Dato:

08.09.2010

Saksutgreiing:

Prenta vedlegg:

1. Følgjebrev frå Dep. av 30.06.2010
2. Epost av 11.08.2010 til Dep frå kyrkjeverja
3. Svarbrev av 18.08.2010 frå Dep
4. Utkast til høyringssvar frå KA

Uprenta vedlegg:

1. Høyringsnotat frå Fornyings-, administrasjons- og kirkedepartementet av juni 2010
2. Gjeldande Lov om kirkegårder, kremasjon og gravferd med forskrifter
3. Gjeldande Lov om Den norske kyrkje

Saksfakta

Bakgrunnen for endringsframlegga frå FAK-dep. står klart i høyringsnotatet innleiingsvis:

Det sentrale formål med endringsforslagene er å legge bedre til rette for at behovene religiøse og livssynsmessige minoriteter har i forbindelse med gravlegging, kan ivaretas.

Ein del spørsmål vart reist under handsaming av St.meld. nr. 17 (2007-2008) *Staten og Den norske kirke*, (det såkalla Gjønnesutvalet) der framtidig organisering av forholdet mellom stat og kyrkje vart omtala. Gravferdslova frå 1966, og i tillegg til behov for oppdatering av lovverket, vil Dep. også gjere framlegg om endringar i kyrkjelova på bakgrunn av endringar i gravferdslova.

Gjønnesutvalet framheva at sidan Noreg i aukande grad er blitt eit fleirkulturelt samfunn, er det behov for å ivareta det trus- og livssynsmessige mangfaldet. I vurderingane peika Gjønnesutvalet på at desse retningslinene burde gjelde:

- *Offentlig ansvar å sørge for gravplasser, og å etablere ordninger som sikrer at gravferd og jordfesting skjer i faste, ordnede og verdige former*
- *Alle skal gravlegges med verdighet og respekt for personlig tro/livssyn*
- *Gravferd skal så langt som mulig skje i overensstemmelse med de regler den enkelte religion eller tradisjon krever. Dersom dette ikke lar seg oppfylle i den enkelte kommune, må man finne løsninger regionalt utan at dette fører til merkostnader for pårørende*

Utvalet kom elles med råd om at omgrepet kyrkjegard vart bytta ut med den nøytrale nemninga "gravlund" eller "gravplass", og at det ved nyanlegg bør vurderast å bytte ut vigsling av heile gravlundene med vigsling av felt for å tydeleggjere at deler av gravlundene blir nytta av fleire trus- og

livssynssamfunn.

Når det gjeld kyrkjelova gir departementet uttrykk for at behovet for endringar har m.a. si rot i tilpasningar til ny organisering av prestetenesta, harmonisering med barnelova, justeringar som følgje av endringar i gravferdslova, politiattest, reglar om kyrkjebokføring og sakshandsamingsreglar.

Vurdering

A. Framlegg til endring av tittelen på gravferdslova

Tittel på lova skal lyde:

Lov om gravlunder, kremasjon og gravferd (gravferdsloven)

Kommentar:

Gjeldande lov har tittelen "Lov om kirkegårder, kremasjon og gravferd". Omgrepet kyrkjegard er ein etterlevning frå eldre tid der gravstadane låg attmed kyrkjene.

Departementet skriv at:

"Det kan i dag være behov for å tydeliggjøre at de offentlige gravplassene ikke er forbeholdt medlemmer av Den norske kirke eller andre kirkesamfunn. Det har derfor vært foreslått at man i lovgivningen erstatter betegnelsen kirkegård med gravlund".

En slik endring i lovtekstens begrepsbruk bør ikke være til hinder for at konkrete gravplasser, og da særlig de som ligger rundt kirkebygninger, kan ha ordet kirkegård i navnet, for eksempel Nes kirkegård".

Kyrkjevevja støttar at ordet kyrkjegard, som er brukt som namn på anlegg som er godkjent for gravlegging, blir erstatta med gravlund så lenge kyrkjegard som del av særnamn framleis kan brukast. I Ulstein har vi tre kyrkjegardar/gravlunder: Ulstein gamle kyrkjegard, Osnes kyrkjegard og Vik kyrkjegard. Dette er namn som etter kyrkjevevja si meining bør bli ståande, særleg fordi det understrekar vår kristne kulturarv.

Som ein følgje av namnebyte vil departementet i §10 sjuande led byte "kirkegårdsmyndigheten" med "gravlundsmyndigheten". Kyrkjevevja meiner at eit meir naturleg omgrep vil vere "gravferdsmyndighet" eller "gravferdsstyresmakt" slik vi vil uttrykkje det på nynorsk.

Framlegg:

Ulstein kyrkjelege fellestråd støttar framlegget til endra tittel i lova. Som følgje av dette, bør ordet "kirkegårdsmyndigheten" i §10 sjuande ledd endrast til "gravferdsmyndigheten".

B. Framlegg til endring av gravferdslova §1 Hvor gravlegging skal skje

Nytt første ledd:

Gravlegging skal skje med respekt for avdødes religion eller livssyn

Kommentar:

Det har vore eit ønskje at dei offentlege kyrkjegardane skal forvaltast slik at dei kan fungere som gravplass for alle, uavhengig av tru og livssyn. Dei seinare år, spesielt i byane, har difor gravferdsstyresmaktene lagt opp til eigne gravfelt for ulike religionar der det har vore behov for det.

I høyringsnotatet skriv departementet at:

"Den foreslåtte endringa i gravferdsloven § 1 klargjør at kravet om ledige graver også medfører et krav om en forholdsmessig rimelig andel av disse skal være særskilt tilrettelagt for å imøtekomme religiøse og livssynsmessige minoriteters behov. Det innebærer at spørsmålet om det må anlegges særskilt tilrettelagte graver i kommunen vil være avhengig av hvor mange innbyggere det er i vedkommende kommune som må

forventes å ha behov for slik særskilt tilrettelegging”.

Kyrkjeverja er samd i framlegget til nytt første ledd.

Spørsmålet om vi skal legge til rette for eigne gravfelt for avdøde som har tilhørt andre trus- og livssyn, bør i tilfelle takast opp som eiga sak. Trossamfunnsloven § 18 heimlar ein rett for at registrerte trussamfunn kan ha eigen kyrkjegard, men denne heimelen har vore lite nytta. Til no har ikkje kyrkjeverja møtt dette som ei problemstilling og eit ønske frå innbyggjarane i Ulstein, men vi skal ikkje sjå bort ifrå at dette kan bli aktuelt. Ved utviding av gravplassen bør vi difor vurdere både namn på ny gravstad (sjå eigen bolk om tittel på gravferdslova) og om deler av utvidingsarealet skal øyremerkast for gravlegging av personar som har ønskt gravlegging på eige gravfelt (sjå framlegg til endring av § 6 ”Rett til grav”).

Framlegg:

Ulstein kyrkjelege fellesråd støttar framlegget til nytt første ledd i §1

C. Framlegg til endring av gravferdslova §4 Anlegg m.v. av gravlund og krematorium

Første ledd skal lyde:

Anlegg, utvidelse, nedleggelse eller annen vesentlig endring av gravlund og bygningar på gravlund kan ikkje skje utan etter tilslutning frå kommunen og med tillatelse frå bispedømmerådet. Bispedømmerådet kan sette vilkår for tillatelsen.

Tredje ledd oppheves

Kommentar:

I gjeldande lov står det ingen ting om kommunen si rolle. Det er bispedømmerådet som er godkjenningssinstans. I forskrifta §2 er det gitt utfyllande retningslinjer der kyrkjeleg fellesråd er ansvarleg for plan med bispedømmerådet som godkjenningssinstans.

Kyrkjeverja meiner at §4 første ledd bør vere uendra med dei kyrkjelege organa fellesråd og bispedømmeråd som fagleg ansvarleg. Det at kommunen i praksis har avgjerdsmynde gjennom økonomiske løyvingar, og vilkår som PBL set, endrar ikkje det faktum at fellesråd/bispedømmeråd er ansvarlege organ for gravferdsforvaltninga.

Departementet foreslår også å oppheve tredje leddet der det står at

”menighetsmøtet gis anledning til å uttale seg om oppføring av krematorium og om anlegg og nedleggelse av kirkegård”

Departementet grunngir endringa med at utviklinga av ”det representative kirkelige demokrati har medført at menighetsmøtets betydning som kirkelig organ er endret”. Endringa er også grunnlagt med at ”kirkelig fellesråd ikkje ivaretar oppgaven som gravferdsmyndighet på vegne av soknet, men på vegne av lokalsamfunnet som helhet”.

Departementet vil rå til at det vert gjort tilsvarende endringar i kyrkjelova.

Framlegg:

Ulstein kyrkjelege fellesråd støttar framlegget om at §4 tredje ledd vert oppheva. Fellesrådet vil rå til at paragrafen elles vert uendra bortsett frå at ordet ”kirkegård” vert erstatta med ”gravlund”.

D. Framlegg til endring av gravferdslova §5 Vigsling av gravlund

Overskrifta og ny §5 skal lyde:

Seremoni på gravlund.

Tros- og livssynssamfunn som er virksomme på stedet skal gis anledning til å gjennomføre en seremoni når en ny gravlund tas i bruk. En slik høytidelighet må ikkje utformes eller gjennomføres slik at den forhåner eller på en krenkende eller sårende måte viser ringeakt for de andre tros- eller livssynssamfunnene som gravlegger sine medlemmer på den same gravlunden.

Kommentar:

I gjeldande lov står det at "Den norske kyrkje og registrerte trossamfunn som er virksomme på stedet, skal gis anledning til å vigsle kirkegård eller deler av den".

I Ulstein er dette blitt gjort, seinast ved utviding av Osnes kyrkjegard. Alt kyrkjegardsareal i Ulstein er vigsla, utan at vi har registrert reaksjonar på dette.

Med den endringa som departementet no legg opp til om betre å legge til rette for dei behova som religiøse og livssynsmessige minoritetar har, og det faktum at kyrkjegardane er offentlege gravplassar for alle, og ikkje berre for medlemmer av Den norske kyrkje, vil det vere naturleg å avgrense vigselførelse. Det kan gjerast på to måtar, anten ved å la deler av gravarealet vere uvigsla, eller slik departementet legg opp til at alle kyrkje- og livssynssamfunn skal få same retten til å halde ein seremoni når ein ny gravlund vert teken i bruk. Med bakgrunn i tradisjon og røynsle med den praksis som har vore, vil kyrkjevevja rå til at fellesrådet legg opp til det første. Det er likevel ikkje til hinder for at departementet sitt framlegg til ny §5 kan bli ståande

Framlegg:

Ulstein kyrkjelege fellesråd støttar framlegget til ny §5 og ny overskrift til denne.

E. Framlegg til endring av gravferdslova §6 Rett til grav

Første ledd skal lyde:

Avdøde personer som ved dødsfallet hadde bopel i kommunen, har rett til fri grav på gravlunden her. Det same gjelder dødfødte barn når moren eller faren har bopel i kommunen.

Andre ledd nytt tredje punktum skal lyde:

Ved gravlegging i grav som er særskilt tilrettelagt for å imøtekomme religiøse og livssynsmessige (minoriteters) behov, dekkes kostnadene av kirkelig fellesråd i hjemkommunen når denne ikke selv har et slikt tilbud.

Kommentar:

I gjeldande gravferdslov har dødfødde born rett til fri grav i den kommunen der mor har bustad ved dødsfallet. I enkelte tilfelle har spørsmålet vore reist om retten til fri grav også bør gjelde i faren si heimkommune dersom mor og far var busett i kvar sin kommune.

Når det gjeld andre ledd, skriv departementet i høyringsnotatet at omsynet til minoritetar i denne samanheng i dei fleste tilfelle vil gjelde muslimar. Dette heng saman med at gravene til muslimar bør vere vendt mot Mekka. I praksis vil tilrettelegging for minoritetar i all hovudsak dreie seg om muslimar, iallfall med det norske gravferdsstyresmakter har erfart til no.

Departementet vil likevel imøtekomme minoritetane sin rett til å velje gravstad annan stad enn i heimkommunen, når heimkommunen ikkje kan tilby særskilt tilrettelagd grav. I slike tilfelle skal kyrkjeleg fellesråd på heimstaden bere kostnadsansvaret.

Kyrkjevevja meiner dette er ein grei måte å imøtekomme minoritetane på, og sikre dei ein prinsipiell rett. Spørsmålet om Ulstein kyrkjelege fellesråd skal arbeide for å legge til rette for eigen/eigne gravfelt på nytt kyrkjegardsareal, bør drøftast som eiga sak, jfr. det som står under føregåande punkt A.

Framlegg:

Ulstein kyrkjelege fellesråd støttar framlegget til endring av §6 første ledd, og til nytt tredje punktum i andre ledd i same paragraf.

F. Framlegg til endring av gravferdslova §10 Kremasjon (sjå også punkt F)

Noverande tredje ledd blir andre ledd og skal lyde:

Kremasjon skal skje i godkjent krematorium og senest 14 dagar etter dødsfallet

Kommentar:

Framlegg til endring av §§10 og 12 må sjåast i samanheng.

Gjeldande lov set frist på 8 dagar for når gravlegging eller kremasjon seinast må skje. Kyrkjeleg fellesråd / kyrkjevevja kan lenge fristane når det ligg føre tungtvegande grunnar. Av og til har dette skjedd, men det er relativt få unntak.

Det som har vore framme i media (jfr. omtale i Vårt Land) i den seinare tid, er ein trend i tida om å få tilpasse gravferdstidspunktet i høve til ferieavvikling eller travle gjeremål, altså ei individuell tilpasning. Eg meiner at overskrifta til ein artikkel i Vårt Land var om lag slik: "Har ikkje tid til å gravlegge sine døde".

Kyrkjevevja legg ikkje skjul på at §§ 10 og 12 med den unntak for regelen om tidsfrist som §13 omtalar, bør stå som den står, altså utan endringar. I mi tid som kyrkjevevja har eg ikkje opplevd dette som noko problem i Ulstein, men eg er blitt merksam på ein trend som har utvikla seg andre stader i landet.

Departementet skriv i høyringsnotatet:

Departementet har samtidig sett behovet for å forlenge fristen som gjelder for når gravferd senest skal skje. En slik forlengelse vil kunne gi noe større fleksibilitet i møte med pårørendes ønsker, og den vil innebære mindre behov for å ta i bruk unntakshjemmelen på en måte som er egnet til å undergrave hovudregelen.

Kyrkjevevja vil meine det motsette. Med den røynsle vi har, vil det vere få gongar det er behov for å avvike frå 8-dagars regelen, og i dei tilfelle der pårørande treng ein lenger frist, kan unntaksheimelen brukast. Det er noko med dei signal ein gir ved å endre hovudregelen. Det å vente med gravferd kan då lett verte hovudregelen og normalordninga. Vi skal heller ikkje sjå bort ifrå at det vil kunne legge eit større press på avviklinga av innmelde gravferder dersom fleire gravferder er tidfesta eit stykke fram i tid.

Framlegg:

Ulstein kyrkjelege fellesråd går imot ei endring av §10 andre ledd.

G. Framlegg til endring av gravferdslova §12 Frist for gravlegging (sjå også punkt E)

Første ledd skal lyde:

Dersom avdøde ikkje er blitt kremert, skal gravlegging skje senest 14 dagar etter dødsfallet

Kommentar:

Sjå kommentar under E

Framlegg:

Ulstein kyrkjelege fellesråd går imot ei endring av §12 første ledd.

H. Framlegg til endring av gravferdslova §13 Unntak frå reglene om frist for kremasjon og gravlegging

§13 skal lyde:

Fristene i §10 andre ledd og §12 gjelder ikkje når avdødes legeme skal nyttas i samsvar med bestemmelsene i lov av 9.februar 1973 om transplantasjon, sykehusobduksjon og angivelse av lik m.m., eller det er besluttet sakkyndig likundersøkelse i medhold av straffeprosessloven §228. Kirkelig fellesråd kan forlenge fristene i §10 andre ledd og §12 dersom det foreligger tungtveiende grunner for det.

Dersom vilkårene for oppbevaring av kiste tilsier det, skal kirkelig fellesråd forkorte fristene i §10 andre ledd og §12.

Fellesrådets avgjørelse etter denne paragraf kan ikkje påklages.

Kommentar:

Med bakgrunn i kommentar under punkt E, bør §13 andre ledd stå uendra dersom 8 dagars fristen vert oppretthalden

Framlegg:

Ulstein kyrkjelege fellesråd går imot ei endring av §13 under føresetnad av at 8 dagars fristen i §§10 og 12 vert oppretthaldne

I. Framlegg til endring av gravferdslova §23 Forvaltningsansvar

Nytt tredje ledd:

Den som har forvaltningsansvaret for gravlegging i kommunen innbyr minst en gang i året de tros- og livssynssamfunn som er virksomme på stedet, til et møte for å drøfte hvordan tros- og livssynssamfunnenes behov ved gravferd kan ivaretakes

Kommentar:

I kyrkjeforliket i Stortinget var det semje om å vidareføre den lovgjevinga vi har, men samstundes gjere nokre tilpassingar som tek i vare minoritetane.

I stortingsmeldinga drøfta departementet spørsmålet om kvar forvaltinga av kyrkjegardane skulle plasserast. Etter ei samla vurdering kom departementet til at dagens lovgjeving skulle vidareførast. Mindretalet i Gjønnnes-utvalet heldt fram at

"dersom kirkegårdene også i framtiden underlegges kirkelig forvaltning, bør det utpekes en gravferdskontakt i hver kommune som kan være et kontaktledd mellom kirken og pårørende som ikkje er medlemmer av kirken".

Framlegget vart lite kommentert i høyringa, og departementet uttalte at

"spørsmålet om en særskilt gravferdskontakt naturlig bør vurderes lokalt og komme som resultat av lokale behov og initiativ. Departementet mente imidlertid at et slikt tiltak mange steder vil kunne ha stor verdi, og at det er naturlig å vurdere det i sammenheng med forslaget om regionale fagråd."

Gjønnnes-utvalet kom også med framlegg om å opprette eit gravferdsfagleg forum på bispedømmenivå. Departementet meiner at

"det vanskelig vil kunne ha den nødvendige nærhet til den lokale gravferdsforvaltningen"

Det er på denne bakgrunnen at departementet foreslår eit møte mellom gravferdsforvaltinga og lokale trus- og livssynssamfunn, minst ein gong i året.

Kyrkjeverja har så langt ikkje fanga opp behov lokalt som gjer det naudsynleg å lovregulere møte mellom gravferdsforvaltinga og lokale trus- og livssynssamfunn. Men med det auka innslag av innvandrarar frå andre kulturar enn vår eigen, ser eg ikkje bort frå at behov for å formalisere ei nærare kontakt med andre trus- og livssamfunn vil melde seg. Men i staden for å påby minst eit møte i året, kunne nytt tredje ledd i staden uttrykkje at gravferdsforvaltinga har ansvar for at trus- og livssynssamfunna sine behov ved gravferd vert ivareteke. Nytt tredje ledd kunne til dømes vere

formulert slik:

Framlegg:

Ulstein kyrkjelege fellesråd går inn for å endre §23 med eit nytt tredje ledd med slik ordlyd:

Den som har forvaltningsansvaret for gravlegging i kommunen har ansvar for at tros- og livssynssamfunn som er virksomme på stedet, får ivaretatt sine behov ved gravferd på en tilfredsstillende måte.

J. Endringar i tenesteordning for prestane

§2: Omgrepet prestegjeld vert teke ut. Kvart sokn skal høyre til eitt prosti.

§5: Prestegjeld vert bytta ut med prosti

§6: I gjeldande lov står det i femte ledd at "i prestegjeld med fleire prester kan biskopen bestemme at en annen prest enn soknepresten skal være medlem av menighetsrådet". Denne formuleringa er bytta ut med at "biskopen bestemmer hvilken prest som skal være medlem av menighetsrådet"

§9: Femte ledd med ordlyden "før vedkommende myndighet treffer avgjørelse (gjeld medverknad ved utnemning og tilsetting i kyrkjelege embete og stillingar), skal menighetsrådet uttale seg om endring i fordelinga av arbeidet mellom prestene i prestegjeld der det er tilsatt mer enn en prest" vert oppheva.

§11: Andre ledd skal lyde: "Før vedkommende myndighet treffer avgjørelse, skal menighetsmøtet gis anledning til å uttale seg om oppføring eller nedlegging av kyrkje, og om deling, sammenslåing eller andre endringar i grensene for sokn". Omgrepet "prestegjeld" er teke ut.

Kommentar:

Det er naturleg at omgrepet "prestegjeld" blir teke ut av kyrkelova, og at det inneber at dei prestane som tidlegare har hatt prestegjeld som tenestedistrikt, no vil få prostiet som tenestedistrikt.

Det er likevel grunn til å peike på at eit prestegjeld inngår i eit fellesrådsområde, som igjen har sin legitimitet i demokratisk valde organ, der også prestane er representert. Det har du ikkje i prostiet, som i dag er ei geografisk inndeling for prestenesta. Dersom kyrkjestrukturen skal byggast opp i større grad rundt prostiet, bør tilhøva til rådsstrukturen nærare avklarast. Før det er gjort, bør heller fellesrådsområdet som eining kome tydelegare fram i lovteksten.

Framlegg:

Ulstein kyrkjelege fellesråd støttar dei endringar som er lagt opp til som følgje av at prestegjeld ikkje lenger har eit praktisk innhald. Fellesrådet vil likevel be om at før den kyrkjelege strukturen vert nærare avklart, kjem fellesrådsområdet som eining tydelegare fram i lovteksten.

K. Harmonisering med barnelova

I lov av 8.april 1981 nr. 7 om born og foreldre (barnelova) er det gitt reglar om barn sin rett til å gi uttale i saker som gjeld personlege forhold til barnet: "Når barnet er fylt 7 år, skal det få seie si meining før det vert teke avgjerd om personlege tilhøve for barnet, mellom anna i sak om kven av foreldra det skal bu hos. Når barnet er fylt 12 år, skal det leggjast vekt på kva barnet meiner".

Departementet meiner at kyrkelova og barnelova bør uttrykkje det same om barn sine rettar, og foreslår difor å ta ut av kyrkelova punkt 4, der det heiter at " har barnet fylt 12 år, skal dets meining høres når det er anledning til det".

Kommentar:

Kyrkjeverja støttar at barn sine rettar, slik det står i barnelova, også må vere gjeldande for kyrkja.

Framlegg:

Ulstein kyrkjelege fellesråd støttar departementet sitt framlegg om endring i kyrkelova §3 ved at nr. 4 andre ledd siste punktum vert oppheva.

L. Politiattest

Departementet foreslår eit nytt andre ledd til §29:

"Det kan utstedes barneomsorgsattest, jfr politiregisterloven §39 til bruk for lovbestemte organer i Den norske kyrkje for person som lønnet eller ulønnet skal ansettes, utføre oppgaver eller inneha tillitsverv der vedkommende vil ha ansvar for eller være i kontakt med mindreårige"

Kommentar:

Kyrkja sjølv har lenge arbeidd for å få slikt løyve, og det er gledeleg at departementet endeleg har kome med framlegg om å bake dette inn i kyrkjelova

Framlegg:

Ulstein kyrkjelege fellesråd støttar departementet sitt framlegg om nytt andre ledd i §29 Krav til medlemskap m.v.

M. Kirkebokføring

Nytt andre ledd i §37 skal lyde:

Opplysninger som nevnt i første ledd kan etter nærmere bestemmelser av departementet inntas i medlemsregister for den norske kyrkje, jfr. §3 nr. 10

Kommentar:

Gjeldande paragraf i kyrkjelova lyder:

"Det skal føres register over personer som blir døpt, konfirmert, vigslet til ekteskap og jordfestet ved prest i Den norske kyrkje samt over personer som melder seg inn eller ut av Den norske kyrkje. Nærmere regler om registerføringen gis av departementet".

Gjeldande §3 nr. 10 lyder:

"Personer som anses å høre inn under eller er medlem i Den norske kyrkje, registreres i et sentralt medlemsregister for Den norske kyrkje".

Framlegg:

Ulstein kyrkjelege fellesråd støttar departementet sitt framlegg om nytt andre ledd i §37 Kirkebokføring.

N. Klage på vedtak etter offentleglova

Andre ledd nytt andre og tredje punktum skal lyde:

"Vedtak etter offentlighetsloven som er truffet av menighetsrådet eller kirkelig fellesråd, kan påklages til bispedømmerrådet. Vedtak etter offentlighetsloven som er truffet av bispedømmerrådet, kan påklages til Kirkerådet".

Kommentar:

I følge kyrkjelova §38 første ledd gjeld forvaltningslov og offentleglova for den verksemda som vert driven av lovbestemte kyrkjelege organ.

Hovudregelen er at vedtak kan klagast inn for det organet som har gjort vedtaket. Det er likevel gitt avgrensingar i kyrkjelova fordi den kyrkjelege rådsstrukturen ikkje er hierarkisk, det vil seie at dei kyrkjelege organa står i eit generelt over- eller underordningsforhold til kvarandre. Dette må likevel ikkje vere til hinder for at framlegget ovanfor vert teke inn. Kyrkjeverja meiner at dette er eit minstekrav som kyrkjelege forvaltningsorgan må vere forplikta på, til dømes når det gjeld offentleglova sine paragrafar om innsynsrett.

Framlegg:

Ulstein kyrkjelege fellesråd støttar departementet sitt framlegg om nytt andre og tredje punktum i andre ledd i §38 Saksbehandlingsregler

Framlegg til vedtak

Ulstein kyrkjelege fellesråd støttar dei framlegg til endringar i gravferds- og kyrkelova, og som går fram av saksutgreiinga

Handsaming

Røysting

Framlegget frå kyrkjevevja vart samrøystes vedteke (9 – 0)

Vedtak i Ulstein kyrkjelege fellesråd

Ulstein kyrkjelege fellesråd støttar dei framlegg til endringar i gravferds- og kyrkelova, og som går fram av saksutgreiinga

Ulsteinvik, 24.09.2010

Olav Sæter
Kyrkjevevje